



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Prop. 62 L

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringer i sjølova mv. (innkrevjing av gebyr og tvangsmulkt)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 4. desember 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Nærings- og handelsdepartementet legg med dette fram forslag om endringer i den maritime lovgjevinga og i meisterbrevlova. Endringane i maritimt lovgjeving gjeld lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova) og lov 12. juni 1987 nr. 48 om norsk internasjonalt skipsregister (NIS-lova). Endringane følgjer av at ein skal gå vekk frå eit system med forskotsbetaling av gebyr til Skipsregistra og over til eit system med etterskotsbetaling. Lovendringane er tekniske endringer som er nødvendige for at Statens Innkrevingssentral (SI) skal ha heimel for tvungen innkrevjing av uoppgjorte gebyr til Skipsregistra. I tillegg føreslår departementet at Statens Innkrevingssentral får heimel til tvangsinnkrevjing av tvangsmulkt etter lov 26. juni 1998 nr. 47 om fritids- og småbåter og lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet (skipssikkerheitslova).

Lovendringa i meisterbrevlova er òg ei teknisk endring som er nødvendig for at SI skal ha heimel til å foreta tvungen innkrevjing av lovbrotsgebyret (overtredelsesgebyret) etter meisterbrevlova § 1, til fordel for staten.

2 Bakgrunn for lovforslaget

2.1 I den maritime lovgjevinga

Registrering av skip og rettar i skip er i utgangspunktet underlagt gebyr. Tilsvarende gjeld for registrering av ei rekkje endringer i registeret, samt for skip under bygging som vert registrert i skipsbyggingsregisteret.

I dag fungerer innkrevjinga av gebyra slik at Skipsregistra mottok betaling før registrering. Dette systemet, med forskotsbetaling, utgjør mykje arbeid for Skipsregistra, og det er derfor ønskeleg å innføre eit system med etterskotsbetaling, slik det er gjort for det sentrale grunnboksregisteret for fast eigedom og for registrering/tinglysing i Brønnøysund. Skipsregistra vil med eit slikt system få ein meir effektiv registreringsprosess, og ledig kapasitet kan nyttast til andre administrative oppgåver. Ei overgang frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling vil også vere positivt for brukarane av registeret. Skipsregistra gjennomførte hausten 2008 ei brukarundersøking, der det kom fram at eit stort fleirtal av brukarane ønskjer eit system med etterskotsbetaling.

Registreringsgebyr vert pålagt med heimel i sjølova § 11 sjetle ledd og NIS-lova § 5, mens reglane for betaling av gebyr går fram av forskrift 30. juli 1992 nr. 593 om registrering av skip i norsk ordinært skipsregister § 6 og forskrift 30. juli 1992

nr. 592 om registrering av skip i norsk internasjonalt skipsregister § 7.

Det vil bli gjort endringar i dei ovannemnte forskriftsheimlar med tanke på overgangen til etterskotsbetaling.

I samråd med departementet har Skipsregistra kome til at den mest effektive og tenlege måten å gjennomføre innkrevjing på, er at Senter for statlig økonomistyring (SSØ) står for fakturering av gebyr, mens Statens Innkrevingssentral (SI) står for tvangsinnkrevjinga. For at SI skal kunne krevja inn uoppgjorte krav med tvang, treng dei eksplisitt heimel for dette i lov.

Lovforslaga som gjeld endringane i lov om fritids- og småbåter og lov om skipssikkerhet er allerede vedtekne av Stortinget, jf. i lov 19. juni 2009 nr. 74 om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (siste delproposisjon - slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning). Fordi endringane som blei vedtatt av Stortinget den 19. juni 2009 ikkje vil tre i kraft før om nokre år, i samband med at den nye straffelova trer i kraft, ser departementet behov for at desse to lovendringane, som ikkje står i direkte samanheng med den nye straffelova, trer i kraft tidlegare. Formelt vert det difor i denne proposisjonen lagt fram eit lovforslag som er identisk med to av lovendringane som vart vedtekne den 19. juni 2009.

2.2 I meisterbrevlova

Meisterbrevnemnda har, med heimel i lov av 20. juni 1986 nr. 35 om mesterbrev i håndverk og annen næring og forskrifter i medhald av lova, ansvaret for administrering, praktisering og utvikling av ordninga. Nemnda fastset kva for fag det vert gitt meisterbrev i, og har heimel til utførde og trekkje attende meisterbrev. Det er oppretta ei eiga klagenemnd og det er eit eige sekretariat som set i verk og følgjer opp nemnda sine vedtak. Det er frivillig å slutte seg til ordninga, men det er berre den som har meisterbrev som lovleg kan kalle seg og marknadsføre seg som meister. Ordninga er sjølvfinansierande, og nemnda mottek ikkje økonomisk støtte til drifta verken frå Nærings- og handelsdepartementet eller andre offentlege styresmakter. I samband med søknad om meisterbrev må det betalast eit gebyr. Vidare må meisteren betale eit årleg gebyr for å behalde retten til å marknadsføre seg som meister. I dag er det om lag 18 000 meistre fordelt på om lag 65 fag.

Ved ei lovendring i meisterbrevlova som tok til å gjelda 1. januar 2009 blei det i meisterbrevlova § 1 nytt fjerde og femte ledd innført føresegnar som ga

Meisterbrevnemnda heimel til å påleggje eit lovbrotsgebyr for overtreding av meisterbrevlova ved misbruk av meistertittelen.

Samtidig med lovendringa blei det i forskrift til lova fastsett føresegnar om storleiken på gebyret, saksbehandlingsreglar og klagerett. Når det gjaldt sjølve innkrevjinga av lovbrotsgebyr har nemnda i samråd med departementet komme fram til at den mest effektive og tenlege måten å gjere det på vil vere at Statens Innkrevingssentral (SI) står for dette, både når det gjeld den friviljuge og den tvungne innkrevjinga. For at SI kan foreta tvungen innkrevjing er dei avhengig av eksplisitt heimel i meisterbrevlova.

Då lovforslaget om å innføre heimel for å kunne påleggje lovbrotsgebyr var på høyring, var alle høyringsinstansane samstemte og einige i at ei føresegn om dette måtte takast inn i lova. Sidan forslag til lovendring er ei rein teknisk endring/justering og berre gjeld den praktiske gjennomføringa av sjølve innkrevjinga av gebyret, har det etter departementet sitt syn ikkje vore nødvendig å sende forslaget på allminneleg høyring. Forslaget har vore på høyring til alle departementa, og dei har ikkje hatt merknader til det.

3 Nærare om forslaget

3.1 I den maritime lovgjevinga

Departementet foreslår å gi SI ei avgrensa særnamnsmyndigheit slik at dei kan krevje inn uoppgjorte krav med tvang dersom ein ikkje når fram med frivillig innkrevjing av gebyra. Bakgrunnen for dette er omsynet til ei best muleg utnytting av offentlege ressursar og for å effektivisere oppfølginga og innkrevjinga av gebyra. Endringa medfører at det ikkje lenger er Skipsregistra som følgjer opp ubetalte gebyr, men at kravet blir sendt til SI, som følgjer opp saka og tek ansvaret for at gebyret vert innbetalt. Dette medfører redusert arbeidsbyrde for Skipsregistra, samtidig som det er grunn til å tru at innbetalinga av gebyret lettare vil bli gjort når det er SI som står for innkrevjinga. Skipsregistra vil soleis få frigjort ressursar som på ein betre måte kan nyttast til andre oppgåver, i tillegg til at SI på si side har erfaring med innkrevjing og har både ressursar, rutinar og organisering som er tilpassa oppgåva.

Forslaget om å gå over frå forskotsbetaling til etterskotsbetaling var på høyring hausten 2007 i samband med ny tvistelov. Departementet mottok i den samanheng ingen negative merknadar med omsyn til omlegging til etterskotsbetaling. Spør-

målet om overgang til etterskotsbetaling var eitt av fleire forslag som vart høyrte den gongen, og vart av ymse årsaker ikkje gjennomført saman med sjøve gebyromlegginga. Sidan forslaget til lovendring er ei teknisk endring og berre gjeld den praktiske gjennomføringa av sjøve innkrevjinga av gebyret, meiner departementet at det ikkje er nødvendig eller er tenleg å sende forslaget på alminneleg høyring.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det vert teke inn føresegn som gir SI den nødvendige heimelen for tvangsinnkrevjing av uoppgjorte gebyr.

Med omsyn til forslaget om å endre lov om fritids- og småbåter og lov om skipssikkerhet slik at Statens Innkrevingssentral får heimel til tvangsinnkrevjing av tvangsmulkt, vert det vist til Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 378.

3.2 I meisterbrevlova

Departementet foreslår å gi SI ei avgrensa særnamnsmyndigheit slik at dei kan krevje inn lovbrotsgebyret med tvang dersom ein ikkje når fram med friviljug innkrevjing av lovbrotsgebyret. Grunngevinga er omsynet til ei best mulig utnytting av offentlege ressursar og for å effektivisere oppfølginga og innkrevjinga av lovbrotsgebyret. Det inneber ikkje at meisterbrevnemnda gir frå seg myndigheit og overlet til SI å ta avgjer om lovbrotsgebyr skal påleggjast. Det vil framleis vere meisterbrevnemnda som tek avgjer om dette. Forskjellen er at når det er gjort, vert kravet oversendt til SI som følgjer opp saka og tek ansvaret for at gebyret vert innbetalt og tilfell staten. Det gjer at sekretariatet til meisterbrevnemnda ikkje treng å bruke ressursar på dette arbeidet, samstundes som det er grunn til å tru at innbetalinga av gebyret lettare vil bli gjort når det er SI som krev det inn. Nemndas sekretariat vil då få frigjort ressursar som på ein betre måte kan nyttast til å setje meisterbrevnemnda sine avgjerder ut i livet ved marknadsføring og vidareutvikling av meisterbrevordninga. SI på si side har røynsle med innkrevjing og har både ressursar, rutinar og organisering som er tilpassa oppgåva.

På denne bakgrunn foreslår departementet at det vert teke inn ei føresegn som gir SI den nødvendige heimelen for å krevje inn lovbrotsgebyret. Av lovtekniske grunnar finn departementet det mest tenleg at føresegna om SIs rolle vert gitt samla i ein ny paragraf, § 1 a. Forslaget er utforma i tråd med føresegn av same art som er teke inn i fleire andre lover i lovverket for øvrig.

4 Administrative og økonomiske konsekvensar

Endringane i den maritime lovgevinga vil ikkje få vesentlege administrative eller økonomiske konsekvensar. Ved at SI har ansvaret for inndringa, vil ressursar i Skipsregistra bli frigjort til nytte for andre administrasjonsoppgåver. Skipsregistra vil måtte betale SI for tenesta dei tilbyr, men registra vil som nemnt få frigjort ressursar, noko som veg opp for desse kostnadene. Det er også grunn til å tru at gebyrinnkrevjing vert gjort opp meir effektivt med SI som innkrevjar enn om Skipsregistra gjer det. For det offentlege elles vil ikkje forslaget medføre nemneverdige konsekvensar.

Endringsforslaget i meisterbrevlova vil heller ikkje få vesentlege administrative og økonomiske konsekvensar. Som nemnt over tilkjem pålagt lovbrotsgebyr statskassen. Ved at SI har ansvaret for inndringa vil ressursar i Meisterbrevnemndas sekretariat bli frigjort som kan nyttast på andre områder slik vidareutvikling av meisterbrevordninga m.m. Avhengig av kor mange gebyr som vert kravd inn må Meisterbrevnemnda betale SI for tenesta dei tilbyr. Men sekretariatet vil som nemnt få frigjort ressursar, noko som vil vege opp for desse kostnadene. Det er og grunn til å tru at lovbrotsgebyret vert gjort opp meir effektivt med SI som innkrevjar enn om Meisterbrevnemnda gjer det. For det offentlege elles vil ikkje forslaget føre med seg nemneverdige konsekvensar.

Merknader til lovendringsforslaget

Endringar i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten

Til § 11 sjuande og åttande ledd

Sjuande ledd slår fast at krav på registreringsgebyr og gebyr for utskrifter mm knytt til skip er tvangsgrunnlag for utlegg. *Åttande ledd* inneber at når SI er pålagt ansvaret for inndringa av slike gebyr, så har SI ei avgrensa særnamnsmyndigheit på same måte som SI har etter ei rekke føresegn av same art i lovverket elles. Ordlyden i åttande ledd er utforma i tråd med korleis slike føresegn elles i lovverket lyder.

Endringar i lov 12. juni 1987 nr. 48 om Norsk Internasjonalt Skipsregister

Til § 5 andre og tredje ledd

Andre ledd slår fast at krav på registreringsgebyr og gebyr for utskrifter mm knytt til skip registrert i norsk internasjonalt skipsregister er tvangsgrunnlag for utlegg. *Tredje ledd* inneber at når SI er pålagt ansvaret for inndringa av slike gebyr, så har SI ei avgrensa særnamnsmyndigheit på same

måte som SI har etter ei rekke føresegner av same art i lovverket elles. Ordlyden i åttande ledd er utforma i tråd med korleis slike føresegner elles i lovverket lyder.

Endringar i lov 26. juni 1998 nr. 47 om fritids- og småbåter

Til § 41 a femte ledd

Medan § 41 a andre ledd gjer heimel for tilsynsmyndigheitene til å fastsette tvangsmulkt, kan SI i dag ikkje gjere dette på vegne av tilsynsmyndigheitene. Det vert det anledning til ved lovforslaget.

Endringar i lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet (skipssikkerheitslova)

Til § 50 fjerde ledd

Skipssikkerheitslova § 50 gir heimel for tilsynsmyndigheitene til å fastsette tvangsmulkt, men SI kan i dag ikkje gjere dette på vegne av tilsynsmyndigheitene. Skipssikkerheitslova § 48 andre ledd slår fast at når SI er pålagt å innkrevje gebyr som nemnt i fyste ledd, kan den drive inn gebyr ved trekk i løn og andre liknande ytingar etter reglane i dekningslova § 2-7. SI kan også krevje inn gebyr ved å stifte utleggspant for kravet dersom panteretten får rettsvern ved registrering i eit register eller

ved underretning til ein tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5. Det vert det anledning til ved lovforslaget.

Endringar i lov 20. juni 1986 nr. 35 om lov om mesterbrev i håndverk og annen næring

Til § 1a

Første ledd slår fast at krav om pålegg av lovbrotsgebyr er tvangsgrunnlag for utlegg. *Andre ledd* inneber at når SI er pålagt ansvaret for inndrivninga av lovbrotsgebyr som nemnt i §1 fjerde ledd, jf. femte ledd, så har SI ei avgrensa særnamsmyndigheit på same måte som SI har etter ei rekke føresegner av same art i lovverket elles. Ordlyden i andre ledd er utforma i tråd med korleis slike føresegner elles i lovverket lyder.

Nærings- og handelsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i sjølova mv.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i sjølova mv. i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i sjølova mv.

I

Lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten § 11 nytt sjuande og åttande ledd skal lyde:

Krav på registreringsgebyr og gebyr for utskrifter m.m. knyttet til skip er tvangsgrunnlag for utlegg.

Når Statens innkrevingssentral er pålagt å innkreve gebyr, kan den inndrive kravene ved trekk i lønn og lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingssentralen kan også inndrive kravene ved å stifte utleggs pant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdesloven § 7-9 første ledd.

II

Lov 12. juni 1987 nr. 48 om norsk internasjonalt skipsregister § 5 nytt andre og tredje ledd skal lyde:

Krav på registreringsgebyr og gebyr for utskrifter m.m. knyttet til skip registrert i Norsk Internasjonalt Skipsregister er tvangsgrunnlag for utlegg.

Når Statens innkrevingssentral er pålagt å innkreve gebyr, kan den inndrive kravene ved trekk i lønn og lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingssentralen kan også inndrive kravene ved å stifte utleggs pant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på Innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdesloven § 7-9 første ledd.

III

Lov 26. juni 1998 nr. 47 om fritids- og småbåter § 41a femte ledd skal lyde:

Når Statens innkrevingssentral er pålagt å inndrive tvangsmulkt som nevnt i annet ledd, kan den

inndrive det ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingssentralen kan også inndrive tvangsmulkt ved å stifte utleggs pant for kravet dersom panteretten får rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdesloven § 7-9 første ledd.

Noverande femte og sjette ledd blir sjette og nytt sjuande ledd.

IV

Lov 16. februar 2007 nr. 9 om skipssikkerhet § 50 fjerde ledd skal lyde:

Ved inndrivelse av tvangsmulkt gjelder bestemmelsen i § 48 annet ledd tilsvarende.

Noverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

V

Lov 20. juni 1986 nr. 35 om mesterbrev i håndverk og annen næring ny § 1a skal lyde:

Overtredelsesgebyr etter § 1 fjerde, jf. femte ledd er tvangsgrunnlag for utlegg.

Når Statens innkrevingssentral er pålagt å innkreve krav som nevnt i første ledd, kan kravene innkreves ved trekk i lønn og andre lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7. Innkrevingssentralen kan også innkreve gebyrene og avgiftene ved å stifte utleggs pant for kravet dersom panteretten kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretningen kan holdes på innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdesloven § 7-9 første ledd.

VI

Lova tek til å gjelde straks.

